



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.12.2014  
Vår ref.: 2014/14644-2  
Saksbehandlar: mattorg  
Dykkar ref.: «REF»

## Ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad på FV544 - Lokalisering av framtidige ferjeleie

Vi viser til møte 2. desember 2014 mellom ordførarane i Stord kommune og Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune om framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord.

Bakgrunnen for møtet var m.a. at Statens Vegvesen har fått i oppdrag å lage statleg plan på kommunedelplannivå for ny E39 på strekninga Os-Bokn. Arbeidet med planprogram for delstrekninga E39 Stord-Os er starta opp, og det er varsla at den kjem på høyring i løpet av våren 2015. I samband med denne høyringa og med det pågåande kommunedelplanarbeidet for strekninga Heiane-Aadland/Nordre Tveita er det behov for å vurdere tilknytning frå ferjeleie på Stord-sida til ny E39.

Fylkeskommunen ønskjer å ha ei aktiv rolle i det statlege planarbeidet, og har starta opp eit arbeid med ein moglegheitsstudie for fylkesvegsamband knytte til ny E39 Bergen-fylkesgrensa til Rogaland. Studiet skal vurdere nye tverrsamband i området for å optimalisere transportsystemet og få størst mogeleg nytte ut av ny E39.

### Vedtak i Stord kommunestyre

Vi viser og til at kommunestyret på Stord har 19. desember 2013 i sak om Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv544 ferjesambandet Stord-Kvinnherad, Lokalisering av ferjeleie på Stord (PS 95/13) gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret vedtek å avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjersholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie på Stordsida.*
2. *Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetraffikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert på endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.*
3. *Kommunestyret ønskjer også å sjå på spørsmålet i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt på trafikksikring og ein meir skånsam arealbruk for tilslutningsvegane knytta til dei ulike alternativ som vert fremja.*
4. *Kommunestyret ønskjer vidare ein dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne raskare og miljøvenlege ferjer, og sjå på synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune....*
- 5.

### Vedtak i Kvinnherad kommunestyre

Kvinnherad kommunestyre gjorde m.a. slikt vedtak i februar 2007:

*Kvinnherad kommunestyre viser til tidlegare vedtak, innkomne merknader og forventna negative konsekvensar, og finn ikkje grunnlag for å gå vidare med spørsmålet om endra bompengerekkjering for Halnøysambandet og flytting av ferja frå Ranavik til Sunde.*

*Kvinnherad kommunestyre ser på langt kortare og raskare samband mot Stord som heilt avgjerande for den vidare næringsutviklinga i kommunen og regionen.*

...

*Kvinnherad kommunestyre viser til tidlegare kommunale, regionale, fylkeskommunale og statlege vedtak, og krev topp prioritert til arbeidet med realisering av ny ferjekai på Stord som imøtekjem målet om kortast mogleg seglingstid over Klosterfjorden.*

*Kvinnherad kommunestyre viser til samferdselsplanen for Sunnhordland og prioriterer flytting av ferjekaien frå Ranavik til Klosterneiset så snart ny ferjekai på Stord er realisert.*

....

Kommunestyret i Kvinnherad gjorde slikt vedtak i februar 2009 i samband med høyring av kommunedelplan med konsekvensutgreiing for FV544 Nytt ferjeleie på Stord.

*Kvinnherad kommune viser til tidlegare lovnad frå staten ved Samferdselsdepartementet og held fast på at Skjersholmane ferjeleie kun er ei midlertidig ordning.*

*Kvinnherad kommune sluttar opp om den klare tilrådinga frå Statens vegvesen og prioriterer Kvernaneset som nytt ferjeleie på Stord.*

.....

#### **Vidare arbeid med ferjesambandet Stord-Kvinnherad**

Ferjestrekninga Ranavik-Skjersholmane tek om lag 40 minuttar, og det er ønskjeleg å forkorte overfartstida på sambandet mellom Stord og Kvinnherad. Avklaring av det framtidige sambandet mellom Stord og Kvinnherad vil vere eit viktig innspel slik at det vert teke omsyn til kryssløysing og tilførselsveg i den statlege planen for ny E39.

Det er behov for å sjå sambandet mellom Stord og Kvinnherad i ein samanheng med både framtidig trase for E39 samt med det øvrige fylkesvegnettet i området. Vi vil og peike på at etablering av ferjeleie på Ranavik vart knytt til finansieringa Halsnøysambandet som er venta nedbetalt i 2023.

Ut i frå dette ønskjer fylkeskommunen å vurdere ulike alternativ for framtidig ferjeleie på både Kvinnheradsida og Stordsida, samt ulike ferjedriftsopplegg.

Siktemålet bør vere å få vurdert det framtidige ferjesambandet Kvinnherad- Stord i løpet av våren, slik at dette kan inngå som innspel til høyring av planprogrammet for statleg plan E39 Stord-Os. Samstundes vil ei slik avklaring danne grunnlag for vidare planarbeid.

Vi vil saman med Sweco som er vald som konsulent for arbeidet med mulegheitsstudien, kome attende til framdrift i saka.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen  
Sjefsplanleggar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi: Fylkesutvalet  
Samferdselsutvalet